



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:


Vår ref.:
22/741 - 4 / ANT

Dato:
28.06.2022

Til uttale -Søknad om dispensasjon til deling av nausttomt og bygging av naust på gbnr. 139/7 Solend- Austrheim kommune

Det er kome inn søknad om deling av to nausttomtar med formål bygging av to naust. Dette er på gbnr. 139/7 på Solend i Austrheim kommune.


Dei to omsøkte tomtane merka A og B i søkna er på 44 BYA m² kvar. Dette er i LNF-området i kommuneplanen sin arealdel, denne vart godkjent den 11. april 2019. Dei omsøkte nausttomtane ligg sjølvsgått i strandsona, i hundremeters-beltet i sitkaskog.



Kart over omsøkt område

Omsøkte tomtar ligg ved dei ei eldre nausta her






I LNF-område spreidd ligg dei to bustadhusa på (vist over) som ynskjer å få samanføyd tomten sin med kvar sin nausttomt. Stranda der dei to eksisterande nausta ligg i er i eit LNF-området



Det er to nausttomtar (rettar) her frå før som tilhører andre bruk i området. A og B er omsøkt.



Oversiktskart, blå strek er omsøkt stad

Tomtane til naust skal samanføyast med to bebygde bustadeigedomar som ligg like i nærleiken. Det er nærfamilie til eigar som skal overta dei to nausttomtane. Grunngjevinga for søknad om dispensasjon kjem fram i søknad frå grunneigar, som og er far til dei to som skal overta omsøkte nausttomtar, søkjær heiter Einar Synnevåg og han bur i nærleiken og. Grunngjevinga er vist i søknad slik:

Kan nyttast til utfyllande merknader:

Det søkas om å frådela to nausttomtar på ca 44 kvm kvar, då blir det ca 40 kvm BRA på kvar av dei. Dei to naustetomtane skal kvar for seg skøytas over på sonane til søkar, for deretter å samanføyas med eigedomane dei bur på i nærleiken. Familietilknyting er viktig i denne saka.

Tomt A skal samanføyas med 139/92, og tomt B skal samanføyas med 139/106.

Begge eigedomane vil få tinglyste rettar til tilkomst, dra båt inn og ut av naust, samt å nytta areal rundt naust for å utføra naudsynt vedlikehald.

I tillegg til å sökja om frådeling, vert det også sökt om dispensasjon til å byggja to naust.

Grunngjevinga for at det bør gjevast disepnsasjon til deling og byggjing av to naust er at dette er ein fortetting av eksisterande naustområde. Det er viktig at dei som bur i nærleiken kan nytta sjøen heile året og oppbevara båt og fiskeredskapar inne heile året.

Tiltaket vil ikkje virka privatiserande for ållmenta. Det vil heller ikkje råka strandsoneverdiar i området. Det er ikkje nokon registreringar av nokon hekkande fugleartar i området der nausta vert sökt om. Det er heller ikkje registrert nokon sjeldne plantar i området.

Med fleire naust, vil det vera lettere å bekjempe minken då fleire fastbuande vil nytta naustområdet. Ferdsel på land og sjø i dette området kan fortsetta som før.

Dei som skal eiga desse nausta bur i bygda Solesjøen, mindre enn 250 meter frå omsøkte nausttomtar.

Flytebryggja som ligg i området i dag, har kapasitet til å ta imot dei nye cigarane sin båter, det vil derfor ikkje verha behov for nye flytebryggjer i området, dette kan leggast inn som vilkår i løyve.

Området vil ikkje verha privatisert, og det vil vera åpent for ållmenta.

Nausta vil verha bygd i samsvar med kommunen sin areldel når det gjeld høgde og form. Det betyr at

nasuta vert maksimum 40 kvm BRA.

Det er viktig for framtidig busetting i området at desse to familiane får desse nausta realisert, det gjer det meir interresant å bu i ein grisgrendt bygd. Dette vil gjea at livskvaliteten vert auka ved at desse nausta vert bygd.

Austrheim kommune er etter synfaring positiv til omsøkt frådeling og bygging av to naust her. Me vurderer det slik at dispensasjonssøknaden er godt grunngjeve og at dette tiltaket ikkje set vesentleg til side kommuneplanen sin arealdel i Austrheim . Omsøkt tiltak vert sett på som fortetting og gjer at det vert meir attraktivt å bu og leva i kommunen vår. Fastbuande folk treng naust for å ta vare på båtar, fiske, og sjøreiskaper, særleg i vinterhalvåret og i det harde kystklimaet her, dette er klimatilpassing. Ingen friluftsliv- eller miljø- og naturverdiar vert råka av omsøkt tiltak.

Denne saka vert no sendt dykk til uttale. Uttalefristen er sett til 26. august 2022. Har de spørsmål i saka ta gjerne kontakt med sakhandsamar på tlf. 41651463 eller e-post asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Søknad om frådeling gbnr 139/7

Kart

Kvittering for nabovarsel

Mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland Vestland Fylkeskommune	Njøsavegen 2 Postboks 7900	6863 5020	LEIKANGER Bergen
---	-------------------------------	--------------	---------------------



Flyfoto over området, dett er ikke urørt natur, skog i attgroing her